

Tiårs-jubilant med utbyggingsplanar.

18.11.2017



Stor og flott kake til jubileumsmarkeringa.

Dønhaug gardsbarnehage har no drive i 10 år. Barnehagen har heile tida vore svært populær blant brukarane, og tilbakemeldingane frå både borna og foreldra har heile tida vore svært positive. Tiårsjubileumet vart feira med store og små, og i tillegg har eigar og styrar Helene Huse Bjørnebøle ein svært glad nyhett å koma med.



Både born, foreldre og tilsette kosa seg.

Torsdag markerte Dønhaug gardsbarnehage årsdagen til barnehagen, på samme viset som i fjor.

- Då serverte vi betasuppe til foreldre og søsken, etterfulgt av kaker, kaffi og saft. Dette vart ein veldig koseleg ettermiddag, og det var særskjekt at så mange hadde annledning til å ta middagen hos oss, fortel Helene Huse Bjørnebøle om feststunda.

- Vi markerte og sjølve 10 års dagen, og vi bestilte god kake hos Elins matgleder, legg ho til.

I går kveld vart 10 års jubileet markert for personalet i barnehagen. Då var det mimring og tilbakeblick på dei ti åra som er gått.

- Det har vore ti innhaldsrike og kjekke år, og vi ser fram til mange fleire. Vi vil få takka alle som har søkt barnehageplass hos oss, og gjort det mulig for oss å driva barnehage i alle desse åra. Vi håpar barna sit igjen med gode minne, og at dei synes Dønhaug gardsbarnehage var ein god plass å vera, seier eigaren i samanheng med det. Med tanke på åra framover har ho ein skikkeleg GLAD nyhet å koma med.

- Eg kan også fortelje at vi har eit prosjekt på gang. Vi skal bygge opp att løa som står ved sida av barnehagen. Planen er at den skal vera klar til nytt barnehageår, august 2018. Her vil vi ha sauene og hønsa, samt nokre andre dyr som ikkje er heilt avklart enno. Vi gledar oss til dette står klart. Arbeidet med dyra vil bli mykje lettare for oss, samt at vi får fleire dyr å ta hand om heile året, seier Helene H. Bjørnebøle om desse planane.

Utruleg kjekkt å høyra. Dette vil jo gjera allereie gode barnehagedagar endå betre. Vi veit kva nærliek til dyr og gardsaktivitetar betyr for mange born. Dagane vil verta endå betre, kjekkare og meir innhaldsrike. Vi seier lukke til!



16/11/2017

God stemning og koseleg rundt bordet.



Endå fleire som kosar seg!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Helene H. Bjørnebøle.